

NOVA -NYTT



Etter det europeiske fattigdomsåret

2010 har vore det europeiske året for kamp mot fattigdom og sosial utstøying. Norske styresmakter har slutta opp om markeringa av året. Ei rekke arrangement har sett søkjelyset på fattigdom forskjellige stader i Norge. NOVA har òg satt temaet på saklista.

NOVA har medverka ved å la årets NOVA-dag 27. mai ha fattigdom som hovudtema. I tre foredrag drøfta NOVA-forskarar om – og korleis – fattigdom er eit viktig problem i Norge, kva økonomisk ulikskap har å seie for helseforskjellar, og korleis norske familiar tilpassar seg det å leve med låginntekt over lengre tid. Filosofen Lars Fr. H. Svendsen kommenterte dei tre foredraga, stilte kritiske spørsmål ved vanlege måtar å måle fattigdom på, og utfordra forskarane til å leggje større vekt på fridom som føresetnad for kampen mot fattigdom.

Fattige barn og unge i Norge

I løpet av året har to NOVA-rapportar gjeve viktig, ny kunnskap om fattigdom i Norge: *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier* (Rapport 10/10) byggjer på ein større panelstudie av familiar med låginntekt som er følgde sidan byrjinga av 2000-talet. Studien kastar lys over korleis låg inntekt har påverka skoletrivsel og prestasjonar, fritidsaktivitetar og forbruk hjå barna. *Verdighetsforvaltning i liv på grensen* (Rapport 16/10) går tett innpå eit mindre utval av barn og foreldre i familiar med vedvarande låginntekt.

Begge undersøkingane syner korleis barn og foreldre aktivt søker å meistre sin situasjon. Dei utfyller og korrigerer dermed det biletet som media og politikarar ofte teiknar av økonomisk vanskelegstilte som passive og utslåtte ofre.

Samarbeid med organisasjonane

NOVA har i 2010 også arbeidd med å dokumentere og analysere den unike norske modellen med eit Kontaktutval

mellom styresmaktene og organisasjonar for økonomisk og sosialt vanskelegstilte, eit Samarbeidsforum av desse organisasjonane, med Batteriet (Senter for sjølvhjelp under Kirkens Bymisjon) som sekretariat. Gjennom denne modellen blir organisasjonane meir synlege og høyrlege for styresmaktene, medan dei ansvarlege ministrane blir betre kjende med kvardagen til dei som slit økonomisk.

Organisasjonane meiner at offentlig hjelp og førebygging kan bli meir effektiv, mellom anna gjennom meir utstrakt samarbeid mellom NAV og organisasjonane. Det sterke engasjementet i sjølvhjelp, likemannsarbeid og opplysningskampanjar illustrerer også at økonomiske vanskelegstilte langt frå er ei passiv gruppe.

Internasjonale spørsmål

Internasjonalt er det ein livleg diskusjon om korleis ein kan utvikle betre reiskap for å forstå kvifor nokon lettare blir utsatte for fattigdom enn andre, og korleis ein meir effektivt kan hjelpe dei som har blitt råka, til vanleg deltaking i samfunnet.

Sentrale spørsmål er korleis samspel mellom helse, kunnskap og diskriminering kan minske handlingsevne og sjanse til å oppnå det livet dei ønskjer, og korleis hjelpetiltak kan byggje opp igjen slik handlingsevne i nær dialog med personen det gjeld. Her ligg det mange utfordringar også for norske forskarar, beslutningstakarar og praktikarar, om ein skal unngå vedvarande gap mellom mål og oppnådde resultat i kampen mot fattigdom.

Berekraftig omsorg

NOVA arrangerer dagskonferansen *Berekraftig omsorg* i Oslo 15. desember. Med konferansen ønskjer instituttet å rette søkjelyset mot dei mange grunnpilarane i omsorga – mot rekruttering og utdanning, mot tilrettelegging av arbeidet, organisering og leiing og mot samspelet mellom familie og offentlege hjelpeapparat.

Korleis står eldresomsorga på sine pilarar, og kva kan vi gjere for å styrkje dei? Ei rekkje forskarar er inviterte til å by på smakebitar frå eiga forskning og til å reflektere over korleis vi kan vidareutvikle vilkåra for berekraftig omsorg. Det blir eit variert program med korte, poengterte innlegg frå foredragshaldarar som representerer ulike fagdisiplinar.

Sjå programmet på nettsida til NOVA.

Prosjektnettside: Fosterheim for barns behov

Det treårige forskingsprogrammet «Fosterhjem for barns behov» starta ved årsskiftet 2009/2010. Programmet er finansiert av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, og representerer eit stort løft for fosterheimsforskninga i Norge. Budsjetttramma så langt er 11 millionar kroner. Programmet er leidd av NOVA som samarbeider med forskarar frå Barnevernets utviklings-senter på Vestlandet (R-BupVEST) og Fafo.

Programmet har to hovudmål:

- Fornye kunnskapen innan fosterheimsarbeidet i Norge, med sikte på å utvikle ei differensiert fosterheimsteneste tilpassa behova til barn og unge som blir plasserte i fosterheim
- Heve kompetansen innan norsk fosterheimsforskning gjennom eit strategisk samarbeid mellom miljø som samla har høg kompetanse, gjennom rekruttering og nasjonal nettverksbygging

Programmet blei lansert med ein konferanse 14. oktober. Samstundes lanserte forskarane ein kunnskaps-status om kva som finst av forskning på området allereie. Denne kan du laste ned frå nettsida:

www.nova.no/fosterhjem



Betre samarbeid i overgang frå ung til vaksen

Kvaliteten på samarbeidet mellom dei ulike helsetenestene er heilt avgjerande for korleis unge med nedsett funksjonsevne klarar seg gjennom overgangen frå ung til vaksen. Ein ny studie finansiert av Helsedirektoratet syner at samarbeidet ikkje fungerer godt nok. Ei styrking av fastlegene sitt engasjement kan vere ein veg å gå, hevdar forskarane bak studien.

Av helsemessige årsaker er overgangen frå ung til vaksen særleg tøff for ungdommar med medfødt sjukdom eller skade som fører til nedsett funksjonsevne. I rapporten: *Funksjonsnedsettelse, oppvekst og habilitering*, har NOVA-forskarane Lars Grue og Marte Rua intervjuet ei gruppe unge med nedsett funksjonsevne i tillegg til leiarar av koordinerande einingar for rehabilitering i kommunar og bydelar. Målet med undersøkinga har vore å auke kjennskapen til kor viktig habiliteringa er for dei helsemessige sidene ved oppveksten til barn og unge med fysiske funksjonsnedsetjingar, med eit særskilt blikk på overgangen frå ung til vaksen.

Store kommunale skilnader

Studien syner at det var store skilnader mellom kommunane og bydelane i korleis dei organiserer habiliteringstenesta, og på kva vis dei fylgjer opp oppgåvene dei er sette til å handsame.

– Funna syner at det framleis er naudsynt å forbetre samhandlinga når det gjeld unge med behov for samansette helsetenester, fortel Lars Grue. I rapporten kjem forskarane med elleve forslag til betring av den helsemessige samhandlinga knytt til den aktuelle pasientgruppa, og deira overgang til vaksenlivet.

Overføring av kunnskap er viktig

Forskarane hevdar at overføringa av kunnskap og ansvar mellom barnehabiliteringa og vaksenhabiliteringa er ein viktig føresetnad for at barn og unge med behov for fleirse-

torielle og samansette tenester skal få oppleve kontinuitet i tenestetilbodet. For denne gruppa er det vidare slik at eit brot i kontinuiteten kan opplevast som særleg vanskeleg, fordi andre utfordringar innan område som utdanning, arbeid og etablering i eigen bustad kjem samstundes med ei endring i organiseringa av eit tenestetilbod som dei er svært avhengige av. Ikkje minst gjeld dette dei medisinske sidene ved funksjonsnedsetjinga.

Fastlegen, ein nøkkelperson

Fleire av forslaga frå forskarane syner kor viktig fastlegen si rolle er i dette arbeidet. Dei tilrår mellom anna at alle kommunar og bydelar bør leggje til rette for faste rutinar for overføring av helserelatert kunnskap når brukarane sluttar i barnehabiliteringa og skal over til vaksenhabiliteringa.

På møtet der ansvarsoverføringa skjer, bør alle aktuelle tenesteutøvarar vere til stades, også fastlegen. Forskarane foreslår òg at ein snarast mogleg må starte eit samarbeid med Den norske legeföreninga om ordningar som kan trekkje fastlegane meir aktivt inn i den kommunale habiliteringsverksemda.

Kursing av legar

Vidare rår dei kommunane til å samarbeide med spesialisthelsetenesta og kompetansesentra om å skipa til opplæringskurs for fastlegar, slik at dei får innsikt i diagnose, symptomobilete og moglege komplikasjonar ved anna medisinsk handsaming av dei skilde brukarane, og forståing for kva behov dei har for andre helserelaterte tenester.

3400 ungdomar er avhengige av dataspel

Berre ein prosent av ungdomane i Norge er det vi kan kalle dataspelavhengige – om lag 3400 ungdomar. Det er likevel fleire enn desse som spelar mykje: 5,2 prosent av norske ungdomar spelar dataspel fire timar dagleg eller meir. Dette kjem fram i ei ny stor ungdomsundersøking frå NOVA.



Spørjeskjemaundersøkinga Ung i Norge 2010 har innhenta data frå 89 skular over heile landet. Til saman svarte 8356 elevar mellom 12 og 17 år på undersøkinga. Studien er ein av få – også internasjonalt – som har undersøkt omfanget av dataspel og problematisk speleåtferd i eit representativt utval av ungdomsbefolkninga.

Rapporten *Uskyldig moro? Pengespill og dataspill blant norske ungdommer* syner at over halvparten av ungdomane i 2010 har tv-spel (som PlayStation, Xboks eller liknande) på rommet sitt, og 81 prosent har pc på rommet. 63 prosent av jentene og 96 prosent av gutane seier at dei spelar dataspel minst ein gong i månaden.

Gutar er likevel klart overrepresenterte blant dei som spelar dagleg: 41 prosent av gutane mot 6 prosent av jentene. 15-årige gutar spelar aller mest. Det er små endringar frå 2002 når det gjeld kor mange som spelar.

Dei speleavhengige

Undersøkinga viser at ein relativt stor gruppe ungdomar er storforbrukarar av dataspel. 5,2 prosent spelar fire timar eller meir dagleg eller nesten dagleg, fortel Tilmann von Soest, som har vore prosjektleiar for undersøkinga. Storspelarane er stort sett berre gutar.

Totalt oppfyller 0,9 prosent av ungdomane sju av sju kriterium for å vere avhengige av dataspel, noko som tilsvarende 3450 ungdomar i alderen 12 til 17 år på landsbasis. Igjen finn vi ein klår kjønnsforskjell: 1,5 prosent av gutane og 0,3 prosent av jentene har full symptombelastning.

Forskarane finn òg at tida ungdomane brukar på dataspel, tydeleg heng saman

med kor mange symptom dei har på å vere avhengige.

Dei mest populære spela

Dei mest populære spela blant gutar er førsteperson skytespel, sportsspel, action- eller slåsspel og småspel via internett. For jentene derimot er dei mest populære spela småspel via internett og småspel på Facebook. Rollespel via internett med mange deltakarar (såkalla MMORPG) og førsteperson skytespel er dei mest populære spela blant dei som spelar mykje og dei speleavhengige.

Dataspel, kvardagsliv og risiko

Forskarane har sett nærare på korleis dataspel og symptom på å vere avhengig av dataspeling heng saman med ei rekkje andre faktorar i livet deira.

Analysar av familieforhold syner at både storspeling av dataspel og det å vise mange symptom på å vere avhengig av spelinga er relatert til at foreldra har lite innsyn i livet til ungdomane, mykje krangling med foreldra og dårleg råd i familien. Kva utdanning foreldra har har mindre å seie både for høgfrekvent speling og symptom for å vere avhengig.

Om vi samanliknar med gutar flest, gjer storspelende og spelavhengige gutar sjeldnare leksar, dei skuldar oftare skulen, og har konsentrasjonsvanskar i skulen. Det er derimot små skilnader mellom gruppene i skulekaraktarar.

Dei som er avhengige, rapporterer oftare om mobbing, dei er meir overvektige, drikk meir og har oftare psykiske vanskar enn gutar flest.

Ny nettside: ungdata.no

Vi er stolte av å kunne presentere ei splitter ny nettside for Ungdata. På www.ungdata.no vil du finne all informasjon du treng for å tinge ei lokal ungdomsundersøking, i tillegg til meir generell forskingsbasert kunnskap om ungdom.

Nyttige undersøkingar

Mange kommunar har eit ønske om å skaffe seg betre kjennskap til oppvekststilhøva lokalt. Dette er kunnskap dei ønskjer å nytte både når det gjeld planlegging, og når dei skal fatte vedtak. Veikskapen ved tidlegare kommunale ungdomsundersøkingar har mellom anna vore mangelen på samordning. Difor har NOVA og ruskompetansesentra i Norge teke initiativet til eit nytt felles opplegg for lokale ungdomsundersøkingar, Ungdata, som vil kome både kommunar og forskarar til gode.

Tema

Bruk av rusmidlar og tobakk og ulike former for kriminell og antisosial åtferd som vald og mobbing er tema undersøkingane vil dekkje. I tillegg kan ein sjå på ulike sider ved dei unge sin livsstil og livssituasjon. Her handlar det om forholdet til foreldra, familiens økonomi, levekår, lokalmiljø, trivsel og mistrivsel og skule og utdanning. Andre tema er bruk av fritida til fysisk aktivitet og friluftsliv, organisasjonsdeltaking, IKT-bruk, sosiale nettverk, intimitet og seksualitet.

Ungdata gjer det mogleg å samanlikne tilhøva for ungdomane mellom kommunar. Forskarar vil òg ha god nytte av dataa, som vil bli samla i ein database hjå Kommuneforlaget.

Besøk www.ungdata.no og les meir.

Pris til NOVA-forskar

Seniorforskar Gunhild Hagestad er tildelt Sørlandets kompetansefonds forskingspris for sin innsats i norsk og internasjonal forskning om alder og generasjon. Prisen, 30.000 kroner og eit kunstfotografi, blei delt ut på årsmøtet i Agder Vitenskapsakademi 29. oktober.

Hagestad har jobba på NOVA i fleire år i tillegg til å vere professor ved Universitetet i Agder. Vi gratulerer.

Tiggarrar frå Romania

Det siste tiåret har det vore ein aukande migrasjon frå heile Aust-Europa, òg frå Romania. Dei synlegaste gruppene livnærer seg som tiggarrar, gatemusikantar og liknande. Dei fleste høyrer til den minoriteten som kallar seg rom og andre sigøynarminoritetar i Romania.

På sida av samfunnet

I Romania i dag er dei fleste romfolk fattige, arbeidslaus, utan formell utdanning og ofte analfabetar. Dei har utvikla parallelle samfunn: Sjølv om dei lever i symbiose med majoritetsbefolkninga, står dei òg utanfor, både økonomisk og kulturelt. Segment av desse minoritetane er velstående, medan majoriteten lever i fattigdom.

Utvidinga av EU i 2006 skapte nye von for denne befolkninga, men ettersom få har dokumenterte kvalifikasjonar, er tiggarrar, flaskesamling og musisering dei utvegane dei har til å tene pengar. Dei reiser i fami-

liegrupper, deler på utgiftene og spinkar og sparar for å sende pengar heim.

Eit betre liv?

I 2008 etablerte NOVA eit strategisk forskingsprosjekt som skulle studere livshistorier blant desse nye migrantane i Oslo og Edinburgh. Hovudmålet med prosjektet er å undersøkje om og i tilfelle korleis den nye nomadiske strategien til romfolket, som inneber tiggarrar, gateunderholdning og tilfeldig, svart arbeid, yter tilskot til mobilitet for migrantane i Romania.

Prosjektet samanliknar rommigrantar i Skottland og Norge med fokus på migrantanes livshistorier og erfaringar, idear, strategiar og framtidshåp, og på hindringar dei møter for å nå desse måla.

Cerasela Radu, som er rumensk stipendiat i Edinburgh, gjennomførte den skotske delen av studien, medan Ada I. Engebriksen tok

føre seg den norske. Feltarbeidet er gjennomført i Oslo og Edinburgh. Intervju i tradisjonell forstand har ikkje vore mogleg, men forskarane har delteke i samtalar om kvardagslivet som tiggarrar i Norge og livet i Romania, om familien, om von og om kva pengane går til. Begge forskarane har òg vore på korte feltarbeid i Romania og gjennomført gateobservasjonar i Oslo og Edinburgh. Samtalane har vore førte på rumensk og på romanés, språket til romfolket.

Prosjektet er å sjå på som eit pilotprosjekt som har skapt ny innsikt om vilkåra til denne befolkningsgruppa og dei strategiane dei tek i bruk som tiggarrar i Europa. Dei første resultatane blir publiserte i løpet av første halvår 2011.

I skvis mellom barn, jobb og eldre foreldre

Pensjonerings- og samhandlingsreformene er mellom dei viktigaste tiltaka den norske regjeringa brukar for å meistre dei nye utfordringane knytte til den aldrande befolkninga. Reformene stimulerer alle til å stå lengre i arbeid, og siktar samstundes mot auka innsats frå familien i eldreomsorga.

Tidsklemme

Dette kan ende i ei tidsklemme, særleg blant dei middelaldrande som slit med å foreine familie- og arbeidsforpliktingar. Lite har vore kjent om kor mange dette gjeld, og endå mindre om kva følger slike klemmer kan ha for yrkesdeltakinga til kvar enkelt og deira subjektive velvære.

Talfestar kor mange det gjeld

I ein ny artikkelen brukar forskarar frå NOVA data frå NorLAG og LOGG (N=15.109) for å sjå på akkurat dette. Resultata syner at dei fleste i aldersspannet 35–45 år (75–80 %) har både barn og foreldre i live, samstundes som dei sjølve

er i arbeid. Men berre nokre få (8–9 %) har barn og foreldre med hjelpebehov. Endå færre (3 %) er omsorgsgjevarar for sine foreldre samstundes som dei har barn med hjelpebehov. Prosentdelen er låg, men bak dei tre prosentane finn vi om lag 21.000 personar som er i ei slik klemme.

Kvinnene tar følgjene

Analysane syner òg at det er kvinner, ikkje menn, som reduserer arbeidstida si for å møte desse familieforpliktingane. Å ha foreldre eller barn med hjelpebehov er ei kjelde til stress og noko redusert velvære (målt ved negativ affekt). Å vere i arbeid er generelt sett ei kjelde til trivsel meir enn stress.

Vi treng nye ordningar

Kvinner er framleis dei viktigaste omsorgsgjevarane for både barn og foreldre. Eventuelle tidsklemmer vil dermed utgjere størst risiko for likestilling og velvære blant kvinner. Medan velferdsordningar for barneomsorg er godt etablerte i Norge, gjer det same i liten grad seg gjeldande når det er snakk om



familieomsorg for eldre. Ordningar som stor opp under kombinasjonen familieomsorg og yrkesdeltaking er naudsynt for å sikre aktiv aldring, likestilling og velvære i eldre år.

Kjelde: S. O. Daatland, M. Veenstra & I.A. Lima (2010): Norwegian sandwiches. On the prevalence and consequences of family and work role squeezes over the life course. *European Journal of Ageing*, 7:271-281.

Returadresse:

NOVA
Pb. 3223 Elisenberg
0208 Oslo

Ansvarleg redaktør:

Direktør Magnus Rindal

I redaksjonen:

Nina Eriksen
Halvard Dyb

NOVA-nytt kjem ut fire gonger i året.

Ønskjer du å få NOVA-nytt gratis i posten eller via e-post?
Send melding via
• telefon: 22 54 12 00
• e-post: nova@nova.no

Følg NOVA på nettet:
www.nova.no

Besøksadresse NOVA:

Munthesgt. 29
0260 Oslo

Foto: © sxc & Ingram

Design: 07 Design

Alle NOVAs publikasjonar kan du laste ned gratis eller kjøpe via NOVAs nettsider.

N O V A

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring

